



Vidar Åsvang

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/366 - 16/11506

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
20.06.2016

## Utslepp av gråvatn frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 42/110 - oppheving av vedtak.

**Administrativt vedtak. Saknr: 182/2016**

### Saksutgreiing:

Eigedomen gbnr 42/110 fekk i sak DNT.182/2015 godkjent eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad i hytteområde på Eikeland. Søknaden vart fremja av føretaket Fløysand VA v/Terje Fløysand, etter fullmakt frå tiltakshavar, dagsett 06.02.2015. Det låg også føre søknad om tilkopling til kommunalt vassverk.

Etter at utsleppsøknaden vart handsama og godkjent av Meland kommune, vart kommunen kontakta av tiltakshavar, både på telefon og e-post, dagsett 17.02.2016, som opplyste at dette måtte vera ei mistyding, då han ikkje var interessert verken i gråvassutslepp eller tilkopling til kommunalt vassverk no. Eigar hadde samtykka til å vera med på ein felles vassleidning inn i hytteområde, slik at han på eit seinare tidspunkt kunne kopa seg til denne. Fullmaka skulle gjelda for denne fellesleidningen.

### Vurdering:

Fullmaka som låg ved søknaden omfatta utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk. Tiltakshavar har ikkje vore oppmerksom nok når fullmaka vart underskriven. Det er på det reine at kommunen har halde seg søkaden slik den låg føre, så dette er nok ei mistyding mellom Fløysand VA og tiltakshavar.

Etter ei samla vurdering, og ettersom tiltakshavar ikkje ynskjer det som er godkjent, har administrasjonen vurert saka slik den no står, å oppheva vedtaket for gråvassutsleppet som vart gjort i sak DNT.182/2015. Søknad om tilkopling til kommunalt vassverk er ikkje handsama.

Dersom eigedomen seinare ynskjer utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk, må det sendast inn nye søkander. Utsendt faktura, fakturanr 11004907, vert kreditert.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Meland kommune viser til saksutgreiinga og vurderinga og opphevar vedtaket i sak DNT.182/2015. Dersom eigedomen seinar ynskjer utslepp og tilkopling til kommunalt vassverk må det sendast inn nye søknader.

Utsendt faktura, fakturanr 11004907, vert med dette kreditert.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Fløysand VA as

Fløksand 76

5918

FREKHAUG

**Mottakere:**  
Vidar Åsvang